



Karolina Sierska
Vardane 108
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/10511 - 20/39784

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
24.06.2020

Vi treng meir opplysningar før vi kan behandla søknaden din - gbnr 134/461 Hilland

Tiltak: bod
Byggjestad: Gbnr: 134/461
Tiltakshavar: Karolina Sierska

Kommunen mottok søknaden din den 29.05.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Byggegrensa mot veg i reguleringsplanen.

Byggegrensa går 5 meter frå asfaltkanten.

Alternativ 1) Boden din må reduserast, slik at avstanden til vegen vert mindre enn 5 meter. Då blir det kanskje veldig lite bod igjen. Det er taket på huset som viser på kartet.

Alternativ 1) Du kan søka om dispensasjon frå byggegrensa. Orientering om dispensasjon er vedlagt. Dispensasjonssøknad kostar kr 10.500,-, i tillegg til behandling av byggesøknad som kostar kr. 7.400,-.

Situasjonsplan

Du må teikna inn boden på kart i målestokk 1:200 og skriva på mål på boden og avstanden til vegkant (asfaltkant).

Plankart:



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn **innan 31. juli 2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Fristen er 12 veker for søknad med dispensasjon.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

134-461_ Kart_1-200
134-461_ Plankart

Vedlegg:

08.+Garasje,+bod+o.l.+--+rev+desember+2017 (2)

18.+Dispensasjon+--+rev+desember+2017 (2)

Kopi til:

Karolina Sierska

Vardane 108

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Karolina Sierska

Vardane 108

5911

ALVERSUND